



2020-
2024

Heilskapeleg rusmiddelpolitisk handlingsplan

Innhold

1. Innleiing	2
1.1 Generelt.....	2
1.2 Ordforklaringar	3
2. Lovgrunnlag og lenker til ulike planar og undersøkingar	4
3. Rusmiddelsituasjonen.....	5
3.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg.....	5
3.2 Rusmiddelsituasjonen i Fyresdal.....	9
4. Fyresdal kommune sine mål og strategiar.....	10
5. Tiltak i Fyresdal kommune.....	11
6. Gjennomføring og oppfølging av planen.....	12
7. Alkoholpolitisk handlingsplan for Fyresdal kommune.....	13
7.1 Lovgrunnlag.....	13
7.2 Innleiing	13
7.3 Målsetting	13
7.4 Sals løyve	14
7.5 Skjenkeløyve	14
7.6 Sals- og skjenketider	15
7.7 Tildeling og inndraging av løyve	15
7.8 Vilkår	15
7.9 Gebyr.....	16
7.10 Kontroll	16
7.11 Brot på alkohollova	16
7.12 Register	16

1. Innleiing

1.1 Generelt

Regjeringa har i "Opptappingsplan for rusfeltet" (St.prp. nr. 15 S 2015-2016) sett opp tre innsatsområde og fem hovudmål.

«Regjeringen ønsker en helhetlig opptappingsplan som tar for seg de tre innsatsområdene tidlig innsats, behandling og ettervern/oppfølgingstjenester, med følgende fem hovedmål:

- 1. Sikre reell brukerinntflytelse gjennom fritt behandlingsvalg, flere brukerstyrte løsnings og sterkere medvirkning ved utforming av tjenestetilbudet.*
- 2. Sikre at personer som står i fare for å utvikle et rusproblem skal fanges opp og hjelpes tidlig.*
- 3. Alle skal møte et tilgjengelig, variert og helhetlig tjenesteapparat.*
- 4. Alle skal ha en aktiv og meningsfylt tilværelse.*
- 5. Utvikle og øke bruken av alternative straffereaksjoner og straffegjennomføringsformer»*

Etter alkohollovas § 1-7d er kommunane pålagd å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Helsedirektoratet rår kommunane til å utforme ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan, fordi bruk av alkohol og narkotika bør sjåast i samanheng.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ikkje lovpålagt på linje med alkoholpolitisk handlingsplan.

Forsking syner at kommunen sitt løyve- og kontrollmynde er blant dei mest effektive verkemiddel vi har for å redusere alkoholforbruk og alkoholrelaterte skadar.

Kommunen sitt arbeid har blitt endå viktigare for å nå lokale og nasjonale mål.

I følgje Helsedirektoratet bør rusmiddelpolitisk handlingsplan handsamast i kvar kommunestyreperiode.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fyresdal kommune blei utarbeidd i samarbeid med Borgestadklinikken og fyrste gong vedteke i perioden 2009-2012. Planen vart sist rullert i 2016. Dette har blitt gjort i samarbeid med andre instansar.

Ved rullering av planen har desse vore med:

Gudny Lauvrak	spes. sjukepleiar
Nina Breivik	helsesjukepleiar
Sarke Veum	rektor Gimle skule
Kjersti Bergland	plan og økonomisjef
Anne Veum	avdelingsleiar helse og omsorg

1.2 Ordforklaringar

Kva er eit rusmiddel?

Som rusmiddel reknar vi alkohol, vanedannande legemiddel og ulovlege rusmiddel (narkotika) som blant anna cannabis, amfetamin, heroin og kokain.

SIRUS	- Statens institutt for rusmiddelforskning
SLT	- Samordning kriminalitetsførebyggjande tiltak
LAR	- Legemiddelassistert rehabilitering
DPS	- Distriktpsikiatrisk senter
PPT	- Pedagogisk psykologisk teneste
NAV	- Arbeids- og velferdsforvaltinga
Tiltaksteam	- koordinerande eining for habiliterings- og rehabiliteringsverksemd for innbyggjarar 0-100 år, jf. helse- og omsorgstenestelova § 7-3.
Kvalifiseringsprogram- (NAV)	- for personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne og med inga eller svært avgrensa yting frå folketrygda.
Individuell plan	- ved behov for langvarige og koordinerte helse- og/eller sosiale tenester, har ein rett på å få utarbeidd ein slik plan om ein sjølv ynskjer det. Planen skal innehalde eins mål, ressursar og behov for tenester og ein har rett til å delta i prosessen sjølv.
Ansvarsgruppe	- når eit barn eller ein vaksen har behov for hjelp frå ulike lokale hjelpetenester og evt. frå spesialisthelsetenesta, vert det danna ei ansvarsgruppe
AKAN	- arbeidslivet sin Komité mot Alkoholisme og Narkomani
Brukarplan	- eit verktøy for kommunane som ynskjer å kartlegge omfanget og karakteren av rusmiddelbruk blant brukarar av kommunen sine helse-, omsorgs- og velferdstenester. Verktøyet kan nyttas til kartlegging, kvalitetssikring, utvikling og planlegging av tenestene. Verktøyet er godkjent av Datatilsynet og Helse- og omsorgsdepartementet

2. Lovgrunnlag og lenker til ulike planar og undersøkingar

[Opptrappingsplan på rusfeltet 2016-2020](#)

[Ungdata 2018](#)

[Lov om folkehelsearbeid \(folkehelselova\)](#)

[Lov om kommunale helse- og omsorgstenester \(helse-og omsorgstenestelova\)](#)

[Lov om omsetning av alkohollhaldig drikk \(alkohollova\)](#)

[Forskrift om omsetning av alkoholhalding drikk \(alkoholforskriften\)](#)

[Folkehelseinstituttet \(FHI\)](#)

[Jusboka.no](#)

[Veileder for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan](#)

Lovverket pålegg kommunen å løyse ei mengd oppgåver på rusmiddelfeltet.

Avgrensing av forbruket er ei av målsettingane i alkohollova og kommunane blir oppmoda om å ha lova sitt formål i tankane ved utforming av den totale kommunale alkoholpolitikken.

Helse- og omsorgstenestelova seier at kommunen skal setje i verk naudsynte tiltak for å møte kommunen sine folkehelseutfordringar knytt til oppvekst og levekår inklusiv alkohol- og rusmiddelbruk.

Gjennom informasjon og oppsøkjande verksemd skal kommunen arbeide for å førebyggje og motverke misbruk av alkohol og andre rusmiddel, og spreie kunnskap om skadeverknader ved slik bruk. Helse- og sosialtenesta er også pålagt kurativ verksemd overfor rusmisbrukarar og hjelp til pårørande. Personar med rusproblem som treng langvarige og koordinerte tenester, har rett til individuell plan.

3. Rusmiddelsituasjonen

3.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg

Kva kan seiast om bruken av alkohol, narkotika og andre rusmiddel dei siste åra? Ei slik vurdering skal hjelpe oss å sette opp gode mål for det kommunale arbeidet på rusfeltet, og til å sette i verk relevante tiltak.

Hovudpunkt:

- Vi drikk i gjennomsnitt nesten 7 liter rein alkohol per år, rekna per innbyggjar over 15 år.
- Det registrerte forbruket auka kraftig frå 1990 og fram til 2008, men har deretter gått noko ned.
- Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner.
- Eldre drikk oftare, men mindre alkohol enn yngre.
- Vi drikk vesentleg mindre alkohol i Noreg enn i dei fleste europeiske land, rekna per innbyggjar på 15 år og over.
- Cannabis er det mest brukte narkotiske stoffet i den norske befolkninga.
- Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for død og tapte friske leveår i befolkninga.

Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk

Alkoholforbruket kan delast inn i to hovudområde.

Den eine er det ein gjerne kallar det registrerte forbruket, det vil seie det som skriv seg frå sal i butikkar, Vinmonopolet AS, og skjenking frå kafear, restaurantar, barar og liknande.


Den andre delen er det u-registrerte forbruket som skriv seg dels frå lovleg turistimport, heimeproduksjon og grensehandel, og dels frå ulovleg grensehandel, import (smugling) og heimeproduksjon (heimebrenning).

Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet som er i bruk blant nordmenn.

I 2019 rapporterer 85 prosent av oss å ha drukke alkohol i løpet av det siste året, mens 94 prosent har prøvd alkohol minst éin gong i livet. Vidare oppgav 34 prosent å ha drukke alkohol minst éin gong i veka eller oftare, noko som er ein svak nedgang samanlikna med 2018. Elles opplyser 27 prosent at dei drikk minst éin gong i månaden, mens 15 prosent ikkje har drukke alkohol det siste året.

Det er langt fleire menn enn kvinner som drikk minst éi gong i veka, mens det er fleire kvinner enn menn som drikk sjeldan.

Figur 2. Andel som har drukket alkohol ukentlig, månedlig, sjeldnere enn månedlig og ikke det siste året, etter kjønn, 2019



Kilde: Undersøkelsen om rusmidler og tobakk, Statistisk sentralbyrå.

Det er ein tydeleg aldersforskjell i alkoholbruk. Unge drikk sjeldnare enn vaksne og eldre. I aldersgruppa 67–79 år oppgjev 43 prosent at dei drikk alkohol éin gong i veka eller oftare, mens dette gjeld for 22 prosent av dei mellom 16 og 24 år.

Den yngste aldersgruppa drikk til gjengjeld meir når dei fyrst drikk. I 2019 rapporterer 9 prosent av ungdom i alderen 16–24 år at dei har drukke 6 eller fleir alkoholeiningar ved eitt og same høve kvar veke, mens det gjeld 3 prosent i den eldste aldersgruppa 67–79 år.

Forskning viser faktisk at når det kjem til alkohol, høyrer ungdom mest på foreldra sine.


Tenåringar som har foreldre som har klare avtaler og regler rundt alkohol, drikk mindre enn jamnaldrende som ikkje har slike avtaler.

Sal av alkohol

I det fyrste halvåret av 2019 ble det omsett for 12 605 000 alkoholliter, noko som svarar til 2,87 alkoholliter per innbyggjar i Noreg.

Alkoholomsetninga hadde ei auke på 0,22 prosent i forhold til same periode i 2018.

Figur 1. Omsetning av brennevin, vin, øl og rusbrus




Kilde: Alkoholomsetning, Statistisk sentralbyrå/alkohol

Måling av sal av alkohol i vareliter har ein reduksjon på 0,84 prosent fra fyrste halvår 2018 til samme periode i 2019. Dette skuldast at sal av varer med høgare alkoholinnhald som vin og brennevin har auka samtidig som salet av rusbrus og øl har blitt redusert.

Narkotika

Som i resten av den vestlege verda, er det cannabis som er det mest brukte illegale narkotiske stoffet.

Ein reknar med at meir enn 200.000 barn lid under foreldra sine rusmiddelproblem. Dette er ei gruppe som er særleg risikoutsett for sjølv å utvikle rusmiddelproblem (Ot.prp. nr.84(2008-2009)).



Hovudpunkt:

- Cannabis er det mest utbreidde illegale rusmidlet i Norge.
- Andelen som oppgav cannabisbruk var relativt stabil i perioden 2012- 2019.
- Dei fleste som oppgav cannabisbruk rapporterte bruk 1-5 ganger i løpet av livet.
- Cannabisbruk siste 12 mnd. og siste 4 veker er mest utbredt i dei yngste aldersgruppene.
- Flere menn enn kvinner bruker cannabis.
- Bruken av sentralstimulerande stoff – kokain, amfetamin og ecstasy/MDMA – har vore stabil i perioden 2013-2019. Desse stoffa er også mest utbredt blant menn og i dei yngste aldersgruppene.


Debutalder

På landsbasis har gjennomsnittleg debutalder ligge på rundt 14,5 – 15 år for alkohol. Studiar viser at ungdom som byrjar å drikke når dei er 13, drikk betydeleg meir når dei er 19 år enn ungdom som byrjar når dei er 16 år.

Når vi veit at auka alkoholkonsum også aukar sjansane for å vere involvert i for eksempel valdsepisodar og ulykker, og ikkje minst auka sjansane for avhengighet og problemdriking, er det betydeleg gevinst ved å utsette debuten.

Generelt har gutane drukke meir enn jentene, og dette gjeld framleis. Likevel ser vi no at jenter aukar sitt alkoholforbruk samanlikna med gutar på same alder. Gutar og jenter ser no ut til å nærme seg kvarandre i drikkemønster.

12392: Bruk av alkohol, cannabis og vanedannende legemidler (prosent), etter kjønn, statistikkvariabel og år. 16-24 år.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Haldningar i heimen – korleis påverkar dette rusvanar hjå ungdom i dag?

Faktorar som kan spele inn på rusmiddelbruk hjå ungdom er i størst grad demografi og åtferdsfaktorar. Demografi vil sei kjønn, alder, familiestruktur og sosio-økonomisk status. Med åtferdsfaktorar meiner ein intensjon, problemåtferd, ferdigheter og så vidare.

Vi ser at dess nærare relasjonar ein har til barnet, dess større påverknad vil ein ha. Foreldre og vener spelar difor ei stor rolle i forhold til påverknad.

Forsking har synt at barn som blir bydd alkohol heime, drikk meir enn dei som ikkje blir bydd alkohol av foreldra. Det viser og ein samanheng mellom tidleg debut og servering av alkohol heime. Dette bilete forsterkar seg i dei tilfella der barna også får med seg alkohol heimanfrå på fest.

3.2 Rusmiddelsituasjonen i Fyresdal

Fyresdal kommune har fokus på førebyggjande arbeid og lite antall sals-/skjenkestadar. Pr. mai 2020 har vi 3 sal- og 2 skjenkebevillingar.

Politiet meldte i 2019 om bekymring for at vi ikkje hadde ruskontakt i kommunen då dei såg at det var mange rusavhengige i bygda som hadde behov for oppfølging.

Denne ruskontakten vart oppnevnt og politiet har seinare uttala at det nok ikkje er fleire i Fyresdal enn samanliknbare kommunar.

Helsetenesta har god oversikt og stilte seg også undrande til politiet sin påstand.

Det er starta opp arbeid med å få på plass eit tverrfagleg team som skal ha rusproblematikk som eit av hovudtemaene. I dette teamet vil politiet delta, samt andre eksterne etatar ved behov.

Etter ei tragisk båtulykke i 2018 vart det starta ei gruppe som skulle arbeide på eit førebyggjande nivå etter initiativ frå Fyresdal røde kors. Gruppa består av representantar frå kommunen, røde kors, politiet og private og har nå blitt ein eigen organisasjon med navn:

Tak vare på kvarandre, vi har ingen fleire å miste.

Denne gruppa har drege igang mange arrangement for ungdom, ikkje bare i Fyresdal men også i heile Vest Telemark. Fokus på mykje av arbeidet i denne gruppa er den uheldige kombinasjonen av køyretøy og rusmiddel.

Fyresdal kommune og Gimle skule skal vere med i MOT-konseptet. Formålet med dette er å skape eit tryggare samfunn gjennom å styrke ungdoms robusthet, bevissthet og mot – mot til å leve, mot til å bry seg og mot til å sei nei.

4. Fyresdal kommune sine mål og strategiar

I [Økonomiplan 2020 - 2023 og budsjett 2020](#) for Fyresdal kommune er hovudmålet:

Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

Målsettingar for heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan i Fyresdal kommune

1. Utsette debutalderen for bruk av rusmiddel hos unge
2. Fange opp barn og unge i risikosona på eit tidleg tidspunkt
3. Gjere vaksne og foreldre bevisste sine haldningar til alkohol- og rusmiddelbruken til ungdommen, og kva ansvar dei har som rollemodellar for barn og unge
4. Personar med eit rusproblem skal få eit tilbod om behandling og ettervern
5. Oppretthalde dialogen mellom løyvehavarar og kommunen slik at løyvehavarar har klare og gode retningsliner å halde seg til

5. Tiltak i Fyresdal kommune

	Mål	Tiltak	Ansvar	Periode
1	Utsette debutalder for bruk av rusmiddel hjå unge	Alle offentlege arrangement for barn og unge under 18 år skal vere alkoholfrie. Brot på dette kan føre til ein reduksjon i tildeling av kulturmidlar	Kommunestyret	Kontinuerleg
1.2	Drive eit aktivt og haldningsskapande arbeid, og aktivt støtte frivillige organisasjonar i kommunen som aktiviserer barn og unge i rusfrie miljø	Ungdomskulen har kampanjen «Fri» Ungdomsklubb onsdag og fredag Sjå årsplan Medlemskap MOT	Rektor Gimle skule Kultur Arbeidsgruppe «vi har ingen fleir å miste» Rektor	Kontinuerleg Kontinuerleg Kontinuerleg Kontinuerleg
2	Fange opp barn og unge i risikosona på eit tidleg tidspunkt	Helsestasjon, skule og ungdomsklubb Tverrfagleg team Politibesøk 8.klasse	Helsesjukepleiar, alle tilsette på skule og klubb, psykiatri Rådmann Rektor	Kontinuerleg Kontinuerleg Kvar vår
3	Gjere vaksne og foreldre bevisste sine haldningar til alkohol- og rusmiddelbruken til ungdommen, og kva ansvar dei har som rollemodellar for barn og unge	Årleg foreldremøte 8. klasse, tema rus Storforeldremøte kvart 3. år - tema rus	Skulen/helse Skulen og FAU	
4	Personar med rusproblem får eit tilbod om behandling og ettervern	Skriftlege rutinar for samordning av individuell plan og ansvarsgrupper Oppfølging og rehabilitering av personar med medikament- eller rusmiddelavhengighet (§ 13) Tilbod om støttekontakt/fritid med	Tiltaksteam Psykisk helse, fastlege, pleie og omsorg, tannhelsetenesta og NAV arbeider tverrfagleg til beste for brukar Tiltaksteam /tenestekontor	Kontinuerleg Kontinuerleg Kontinuerleg

		bistand/treningskontakt		
		Oppretthalde kompetansen innanfor rusfeltet blant tilsette i Fyresdal kommune	Rådmannen	Kontinuerleg
		Kvalifiseringsprogram	NAV	Kontinuerleg
5	Oppretthalde dialog mellom løyvehavarar og kommunen slik at løyvehavarar har klare og gode retningsliner å halde seg til	Møte med løyvehavarane i Fyresdal kommune etter at nytt kommunestyre er på plass	Rådmann /sakshandsamar skjenkeløyve	Kvart 4. år
		Gjennomgang av alkoholpolitiske retningsliner	Kommunestyret	Kvart 4. år

6. Gjennomføring og oppfølging av planen

Planen med vedlegg skal rullerast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode, innan 30. juni året etter nytt kommunestyre.

7. Alkoholpolitisk handlingsplan for Fyresdal kommune

7.1 Lovgrunnlag

[Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 02. 061989 nr. 27](#) (alkohollova)

[Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk av 08.06.2005 nr. 538](#) (alkoholforskriften)

[Lov om folkehelsearbeid av 24.06.2011 nr. 29](#) (folkehelselova)

7.2 Innleiing

Alkohollova §1-7 d bestemmer at kommunen skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Ein alkoholpolitisk handlingsplan skal vise dei alkoholpolitiske mål kommunen legg til grunn for sin alkoholpolitikk, og dei verkemiddel som skal tas i bruk for å nå måla. I tillegg til alkohollova, sentrale og lokale forskrifter og retningslinjer, er planen eit sentralt styringsdokument for kommunens alkoholpolitikk.

Alkohollova gir kommunane ansvaret for tildeling av sals- og skjenkebevillingar, samt å føre kontroll med og sette i verk sanksjoner mot sals- og skjenkestadane ved eventuelle avvik.

Helse- og sosialpolitiske omsyn og næringspolitiske omsyn skal bli i ivaretatt på best mogleg måte. Kommunen skal, gjennom denne handlingsplanen legge til rette for en heilhetleg og samla alkoholpolitikk, samt ei forutsigbar saksbehandling frå kommunens side.

Alkoholpolitisk handlingsplan skal vedtakast av kommunestyret, evaluerast fortløpande og reviderast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode, innan 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunestyret har i sak 37/16 slutta seg til at ingen sal- og skjenkeløyver opphøyrer ved nytt kommunestyre kvart 4. år. Det skal lagast ein generell sak til kommunestyret i juni fyrste året i kommunestyreperioden. Løyva gjeld vidare i nye fire år inntil kommunestyre på nytt ynskjer å endre reglane. Jamfør alkohollova §1-6.

7.3 Målsetting

Fyresdal kommune sitt overordna mål med alkoholpolitisk handlingsplan er at sal og skjenking av alkoholholdig drikk skal skje i ryddige og kontrollerte former i samsvar med alkohollova si målsetting.

«Alkohollova §1-1 Lovens formål

Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»

Folkehelselova §4 bestemmer at kommunen skal fremje befolkninga si helse og bidra til å førebyggje sjukdom, skade eller lidning, og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Kommunen skal vidare sette i verk nødvendige tiltak for å møte kommunens utfordringar innan folkehelse, som mellom anna tiltak knytt til skader og alkoholbruk, jamfør folkehelselova §7.

I samsvar med dette har kommunen ansvar for å sørge for at lokal alkoholpolitikk verkar til at omsetning av alkohol skjer på forsvarleg vis og innanfor lovverkets rammer.

Forsking viser at auk i alkoholforbruk fører til større skadeverknader, både helsemessige og sosiale (vold, kriminalitet, ulykker). Kommunens løyvepolitikk kan vere eit styringsreiskap for å avgrense skadeverknadane.

Den heilskaplege rusmiddelpolitiske handlingsplanen har som ein av målsettingane at dialogen mellom løyvehavarar og kommunen skal bli styrka slik at løyvehavarar har klare og gode retningslinjer å halde seg til.

Elles gjeld alle måla som er sett opp i *Tiltak i Fyresdal kommune*.

7.4 Salsløyve

Løyve for sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald (gruppe 1), kan bli gitt til daglegvareforretningar.

Det er ikkje høve til å gje salsløyve til bensinstasjon og kiosk.

7.5 Skjenkeløyve

Fast løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk med 2,5-60 volumprosent alkoholinnhald (gruppe 1, 2 og 3) kan bli gitt til servering- /skjenkestadar.

Ambulerande skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk kan gjevast for eit avgrensa tidsrom i einskilde høva.

Eit skjenkeløyve (ikkje ambulerande) kan utvidast til også å gjelde innførsel av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 for skjenking i eigen verksemd.

Eit skjenkeløyve er knytt til bestemt lokale og/eller plass utandørs med godkjend skjerming mot omgjevnadane.

Kommunen vil før tildeling av løyve vurdere plassering, innreiing, meny m.m

7.6 Sals- og skjenketider

Fyresdal kommune har utvida tider for sal og skjenking av alkohol, jamfør alkohollova §3-4a og §4-4.

Sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald (gruppe 1) kan skje i tidsrommet:

Måndag - fredag, inkl. dagen før Kristi Himmelfartsdag: kl. 08.00 – kl. 20.00
Laurdag/dagar før høgtidsdagar: kl. 08.00 – kl. 18.00

Skjenking av alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent (gruppe 1 og 2) kan skje i tidsrommet:

- I skjenkelokale: kl. 10.00 – kl. 02.00
- Ved skjenking ute måndag - torsdag., søndag og høgtidsdag: kl. 10.00 – kl. 24.00
- Ved skjenking ute fredag, laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: kl. 10.00 – kl. 02.00

På overnattingsstadar kan det til overnattingsgjester bli skjenka alkohol i gruppe 1 og 2 utan omsyn til avgrensing i alkohollova § 4-4.

Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir (gruppe 3) kan skje i tidsrommet:

- I skjenkelokale: kl. 13.00 – kl. 02.00
- Ved skjenking ute måndag - torsdag, søndag og høgtidsdag: kl. 13.00 – kl. 24.00
- Ved skjenking ute fredag, laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: kl. 13.00 – kl. 02.00

Maksimal opningstid for skjenkestaden er lik skjenketida med tillegg av avviklingstid på 30 minutt.

Elles gjeld allmenne lovar og føresegner for sal og skjenking.

7.7 Tildeling og inndraging av løyve

Kommunestyret tek avgjersle i alle sals- og skjenkeløyve.

Ved avgjersle om skjenkeløyve ved einskilde arrangement som varer opp til 1 veke og avgjersle ved ambulerande skjenkeløyve, fylgjer ein politisk delegeringsreglement.

Inndraging av sals- og skjenkeløyve kan skje i samsvar med alkohollova §1-8.

Kommunestyret, har fullmakt til inndraging av løyve.

7.8 Vilkår

For alle sals- og skjenkeløyve i Fyresdal kommune gjeld fylgjande vilkår:

- Løyvehavarane skal kvart år sende inn oppgåve for omsetning av alkohol føregående år til kommunen. Dette sendast Fyresdal kommune innan 15. februar.
- Løyvehavarane v/ styrar og stadfortredar pliktar å møte kommunen, lensmannen og Securitas AS for utveksling av erfaringar, gjennomgang av aktuelle sider ved lovverket, ordensmessige problem mv.

- Internkontrollrutinar skal ligge føre skriftleg. Frå kommunen si side blir det lagt vekt på kartlegging av risikotilhøve, rutinar for opplæring av nye tilsette, rutinar for å hindre sal/skjenking til mindreårige og rutinar for vakthald.

Særskilde vilkår for løyvet kan fastsettast for den einskilde sals- eller skjenkestad.

Manglande oppfylling av vilkår kan føre til inndraging av løyvet.

7.9 Gebyr

Årleg gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk blir fastsett på grunnlag av siste års omsetningsoppgåve frå løyvehavarane, jamfør § 6.2 ” Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk mv.”

Gebyr skal dekke kontrolltiltak.

Gebyr som ikkje blir nytta til kontrolltiltak, skal gå til andre førebyggjande tiltak.

7.10 Kontroll

Rådmannen avgjer korleis alkoholkontrollen skal utførast. Jamfør alkoholforskrifta kapittel 9.

7.11 Brot på alkohollova

Dersom den som har sals løyve eller skjenkeløyve har avvik i forhold til alkohollova, forskrifter til denne eller vilkår som er sett, skal kommunen tildele løyvehavar eit bestemt tal prikkar. Jamfør alkoholforskrifta kapittel 10.

« Alkoholforskrifta § 10-1. Bestemmelsene om prikktildeling og inndragning i § 10-2 til § 10-6 gjelder der kontroll gjennomført i henhold til kapittel 9 i denne forskriften eller rapport fra andre myndigheter, avdekker at innehaver av kommunal salgs- eller skjenkebevilling ikke har oppfylt sine plikter etter alkoholloven, bestemmelser gitt i medhold av alkoholloven, bestemmelser i lov eller i medhold av lov som har sammenheng med alkohollovens formål, eller plikter som følger av vilkår i bevillingsvedtaket.»

7.12 Register

Rådmannen fører, jamfør kapittel 13 i alkoholforskrifta, registeret til Helsedirektoratet med opplysningar om sal- og skjenkeløyver i Fyresdal kommune.

[Bevillingsregisteret.](#)